



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 5

Desember 2017

60. årgang



«Gud i snikkarverkstaden»

I juleandakten (s. 2-3) har biskop Halvor Nordhaug teke utgangspunkt i dette biletet, som er måla av J. E. Millais i 1850.

REDAKSJON: Anne R. Tveit, tlf. 48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik anne.ryssdal.tveit@enivest.net

KORREKTUR: Marit Sandal, 5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

BANKGIROKONTO: 3817 15 51282
Kontingenten er fri.

TRYKKERI: Norengros, 3701 Skien

SOKNEPREST i GULEN, BREKKE OG MJØMNA SOKN: Jens Linde, 5966 Eivindvik. Tlf. 97509035
jens.linde@gulen.kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Trude Brosvik, 5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389
post@gulen.kyrkja.no Kontor:Ikkje onsd.

KONTORPERSONALE:
Margrethe Skåden, Tlf. 57782093
Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og fredag kl.08.00-12.00.

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy, 5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

SOKNERÅD/FELLESRÅD:
Gulen sokn: Iddi Glenjen. Tlf. 90711923.
eglenjen@online.no

Brekke sokn: Cathrine Waage Tveit. Tlf. 91759076. cawaatveit@hotmail.com

Mjømna sokn: Bente Haugen. Tlf. 99264861. bente.haugen@enivest.net,

Fellesråd: Målfrid Undertun. Tlf. 41610983. malfrid.undertun@enivest.net

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.gulen.kyrkja.no

FACEBOOK: Er du på Facebook, kan du gå inn på gruppa «Kyrkja i Gulen» og «like» sida vår. Her legg vi ut informasjon fortløpande om ting som skjer i sokna, for eksempel om endringar som er komne til etter at siste blad gjekk i trykken. Kyrkje-kontoret er redaktør for både heimesida og facebooksidea.

Redaksjonen



Djupaste mørker ligg over jord,
frosthard er marka, stjerna står stor
høgt over huset der på eit fang
Frelsaren kviler, natta er lang.
(Norsk Salmebok nr. 70)

I ei travel førjulstid er det stor aktivitet rundt om i grendene våre. Det blir baka og pynta, det er øving til adventskonsertar og andre tilstellingar, og det blir produsert mange fine ting som skal glede andre. Og alt må bli ferdig til den store julefesten.

Med dette arkivfotoet frå adventsverkstaden i Brekke i 2008 ønsker vi lesarane ei god jul og eit godt nyttår.

Innleveringsfrist til neste nr: **1.mars.**



Gud i snikkarverkstaden

Jula sin løyndom - for ikkje å seie jula sitt mysterium - er at Gud går inn i menneskekroppen. Det er dette vi kallar «inkarnasjonen», som betyr «å gå inn i kjøttet». Det er kanskje ikkje ei vakker formulering, men den er treffande. Når Gud lét sonen sin bli menneske, skjer det ikkje i det høge og fjerne, men på golvet i ein snikkarverkstad i småbyen Nasaret.



Dette biletet er måla av den engelske kunstnaren John Everett Millais i 1850 og heng i Tate Gallery i London. Biletet viser ei svært realistisk og nær scene frå denne verkstaden. Men her er det gøymt mange løyndomar.

På overflata ser vi at biletet framstiller Josef, Maria og Jesus - i tillegg til to arbeidsfolk og ein gut med eit vaskefat.

Armane til Josef er sterke og med tydelege blodårar. Golvet er dekt av spon. Maria trøystar Jesus som har fått eit sår i handa frå ein av naglane som ligg på bordet. Utanfor vindauget ser vi ein saueflokk som kikkar inn. Då biletet blei utstilt fyrste gongen, vekte det sterke reaksjonar. Avisa The Times kalla det opprørande at kunstnaren framstilte Den heilage

familien som vanlege og enkle folk, og detaljert framstilte dei støvete og skitne omgivnadene.

Forfattaren Charles Dickens kritiserte at Jesus var måla som ein sutrete, raudhåra gut i pyjamas. Sjølv sagt visste både The Times og Charles Dickens at kyrkja trudde på Jesus som både sann Gud og sant menneske, men her blei det menneskelege likevel litt for menneskeleg.

Det var likevel ingen andre måtar å bli menneske på for Gud, enn å gå heile vegen inn i det konkrete. Guds son landa midt i verda vår med alt det som følgjer med livet i kjøttet: blod, arbeid, støv, svette og husdyr.

Jesus viser oss at ingenting menneskeleg, sjølv ikkje det aller lågaste og vanlege, er skjult eller framandt for Gud. Det gjeld framleis. Guds son har delt livets vilkår og veit kven vi er. Vi treng difor ikkje bruke mange ord når vi ber, men kan nemne augeblikket vårt for Jesus i tillit til at han veit kva det rommar.

Eg veit ikkje om dei som kritiserte biletet den gongen, tok inn all symbolikken som er skjult i detaljane.

Her kjem nemleg ein større, guddommeleg dimensjon til syne i det kvar-dagslege: Jesus har blod på handa, han er såra av ein av naglane på bordet, slik han seinare skal bli det på krossen. Langs veggjen står ein stige, og på den sit ei due. Dua er symbolet på Den Heilage Ande som viste seg over Jesus då han blei døypt og Faderen si røyst lydde frå himmelen: «Dette er Son min, han som eg elsker,

i han har eg mi glede.»

På veggen heng ein trekant. Den er ikkje berre eit verktøy, men også eit symbol for Treeininga: Faderen, Sonen og Den Heilage Ande.

Guten som kjem inn med vaskefatet, er Døyparen Johannes, ein slektning av Jesus. Og utanfor ventar sauene, eit symbol for oss, folket som treng Den gode hyrdingen.

Dette biletet fortel oss at Gud i Jesus er komen inn i den særdeles jordiske røynda vår, så nær som det er mogeleg. Det er det beste som har hendt verda vår. Det kan vi takke for denne jula. Eg ønskjer dykk alle ein god og velsigna julefest!

Halvor Nordhaug, Biskop i Bjørgvin



Julefest

i Brekke bedehus 3. juledag, onsdag 27. desember kl. 19.30.

Det vert juleregang og god mat. Velkommen til små og store til julefeiring!

Brekke kristelege ungdomslag

Konfirmantpresentasjon og utdeling av 4- og 6-årsbøker i Brekke kyrkje



Søndag 10. september var det konfirmantpresentasjon og tekstdramatisering i Brekke kyrkje (over), og 1. oktober var det utdeling av bøker til 4-åringane og 6-åringane (under).



Konfirmantbesøk på Dalsøyra eldrester

19. oktober var konfirmantane på besøk på eldresteret på Dalsøyra. Me dansa folkeviseleik under leiing av Trude Kjellevold Lihaug, Signe Baarøy spela torader, og me song songar ved bordet. Konfirmantane hadde med kaker, og dei laga kaffi, dekkja bord og ordna det fint til.

Eg må skryte av ungdommane, dei var så flinke! Særleg vil eg framheve deira evne til å prate med og ta seg av dei gamle. Imponerande! Bebruarane rosa dei og verka veldig nøgde. Det var ei fin stund.

Iddi Glenjen



Konfirmantpresentasjon og utdeling av bøker til 4- og 6-åringane, Mjømna kyrkje

Det var ein flott og aktiv dag i Mjømna kyrkje 17. september, med barnedåp, utdeling av 4-års- og 6-års-bøker, og presentasjon av konfir-mantane.

Etter gudstenesta var det kaker, kaffi og saft. Det blei tomt for kaker, så dette er tydeleg noko folk set pris på! Det var 95 frammøtte i kyrkja denne dagen.

Kristin Mjanger



Utdeling av bøker til 4- og 6-åringane, Gulen kyrkje

På familiegudstenesta i Gulen kyrkje 15.10. var kyrkja pynta med ballongar då alle 4- og 6-åringane var inviterte til kyrkje for å få «Mi kyrkjebok». Det var ei flott gudsteneste!

Presten hadde nytta høvet til å utfordre oss på å gje tid og pengar til trusopplæring for borna våre.

I skulen får dei kunnskapsformidling, medan overlevering av trua er kyrkja og kyrkjemedlemar sitt ansvar.

Så utfordringa er: Viss du synest tru er viktig: Kva kan du bidra med?

Brekke har «søndagsskule» og Byrknes har «barneforeining».

Vi skulle hatt noko i Eivindvik og på Dalsøyra òg!

Trude Brosvik



Tone Marit Håland

Dyrkolbotn



Dette er den nye presten i Masfjorden. Ho er også litt «vår», og vi har sendt henne nokre spørsmål som ho har svara på.

Ta deg tid til å bli betre kjend med Tone Marit!

Særleg vil ho delta hos oss på ein del familiegudstenester i samband med trusopplæringstiltak

- Kva får ei ung jente frå Austrheim til å studere til prest?

- Oj, ja, det er eit godt spørsmål! Eg pleier å seia at det er både ein lang og ein kort versjon av den historia. Den lange kan eg gjerne fortelja på eit seinare tidspunkt, men her høver det nok best med den korte:

Presten min, Egon Askvik, foreslo det for meg då eg var konfirmant. Då syns eg det verka litt teit å verta prest.

Men han sådde nok noko den gongen. Det har sidan spirt.

Og eg har alltid visst at eg måtte ha ein jobb tett på menneske, og det er jo verkeleg presteyrket!

Når eg i tillegg får ha ein jobb der trua mi kan vera ein del av jobben, er jo det fantastisk. Så syns eg rett og slett at prestjobben verka veldig kjekk, med mange menneskemøte, forsøkja å byggja bru mellom Gud og menneske. Ein får vera med frå vogge til grav – og på alt det imellom.

Det er eit stort privilegium.

Så likar eg godt å organisera ting, trivs med at ingen dagar er like, likar at det skjer litt ting og at det er stort potensiale i jobben!

- Har du alltid trudd på Gud, eller er det spesielle episodar som gjer at du vart kristen? Betydde kyrkjelyden si trusopplæring noko for deg?

Er det personar som har hatt særleg betydning?

- Eg er oppvaksen i ein kristen familie. Mamma og pappa var ganske aktive i kyrkja heime, og me borna var med på gudsteneste innimellom. I tillegg gjekk eg på sundagsskule på bedehuset heime fram til eg var cirka 14 år – det hugsar eg som skikkeleg lærerikt, og det var plass for alle mine tankar og spørsmål.

For spørsmål og tankar har eg alltid hatt mange av.

Eg har opplevd at det har vore rom for alt det eg lurar på, rom for heile meg, i kyrkja.

Det har nok vore avgjerande.

Kyrkja, dei som jobba der og som var frivillige på Austrheim, var skikkeleg

oppmuntrande, varme og inkluderande. Dei gav ansvar til oss unge, dei trudde på oss og gav oss stor tillit. Det gjer at ein får eigarskap til kyrkja. Kjenner at eg er skikkeleg glad i og takksam for Austrheim kyrkje.



Frå ordinasjonsgudstenesta i Austrheim kyrkje 25. juni 2017

Så har eg lese mykje i Bibelen sjølv, frå eg var ganske liten. Det vart nok ganske viktig for meg at dette med å tru på Gud skulle vera noko eg bestemte meg for sjølv, og då måtte eg jo lesa ein del. Og prata med folk, så det har eg gjort mykje. Å møta ulike folk og høyra om deira relasjon til Gud er fantastisk, for ingen folk er like, og difor er heller ingen sin relasjon til Gud lik. Det syns eg er herleg, for då er det jo plass for oss alle hjå Gud – akkurat slik me er. Konfirmanttida kan eg nok trekkja fram som særleg avgjerande for meg og standpunktet mitt som kristen. Etter eg var konfirmert, var eg sjølv med som konfirmantleiar på fleire leirar for Austrheim og Fedje. Det var knallkjekt!

- Til no har du vel berre hatt éi gudsteneste på Mjømna. Og i januar skal du kanskje vere med på Lys Vaken i Mjømna. Kjenner du noko til Gulen frå før?

- Nei, eg kjenner ganske lite til Gulen. Har vel vore her to gongar tidlegare, men det byrjar å bli lenge sidan. Men pappa har vore litt her i forbindelse med jobb, og han snakkar ofte om kor fint det er i Gulen, og kor mykje de har fått til her ute, så de har i alle fall inspirert han – og han har ikkje halde tilbake på godorda! Så eg syns det er veldig kjekt å få vera litt i Gulen.

Det var stas å vera på Mjømna i oktober – kjekke folk, god stemning, og eg vart godt motteken. Så eg gler meg til å koma tilbake, og håpar gulingane ser på det på same måten!

- Kva likar du best med å vere prest?

- Det må nok vera alle menneskemøta. Eg er veldig glad i folk! Og det å kunna jobba med å formidla det eg trur på, forsøka å syna folk at Gud verkeleg ønskjer å ha ein relasjon med oss. Og at ein slik relasjon ikkje treng vera så avansert eller stor, men at Gud kan inkluderast i kvardagen vår. Så syns eg det er veldig kjekt med barn, unge og eldre folk. Og dei i mellom. - Haha, eigentleg syns eg jo alt er kjekt! Men det er eit kjipt svar, så eg vil seia blandinga mellom folk, Gud og samarbeidet – for alt dette er det mykje av i kyrkja, og me er heilt avhengige av desse tre tinga.

- Klarer du å avgrense arbeidet opp mot fritid, og korleis likar du å bruke fritida di?

- Ja, i alle fall førebels. Dei oppmoda oss veldig til det på studiet; å ikkje ta med jobben heim, men samstundes hugsa på at når folk ser meg, så ser dei nok både Tone Marit og presten. Det er litt rart, og kan av og til vera litt vanskeleg.

Men eg må no berre vera meg sjølv, så får folk heller få seg nokre overraskingar undervegs. Men eg er overvelda over kor stas folk syns det er med ein ung, kvinneleg prest.

På fritida likar eg å vera i aktivitet og saman med folk. Idrett er viktig for meg, så eg har byrja på eit fotballag her i Masfjorden og går på det lokale treningssenteret saman med ein kjekk gjeng.

Så har eg jo familie på Austrheim og litt andre stader i området, så det er kjekt å få vera nærare dei og vener som bur rundt om her.

I tillegg har eg kjærast frå Austerrike, så me reiser jo ein del på besøk til kvarandre.

Og så er det jo grådig kjekt å sjå gode filmar eller tv-seriar og eta popcorn! Eller vera på quiz på den lokale puben.

Masfjorden har mykje å by på!

- *Noko du har lyst å seie til gulingane?*

- Eg gler meg til å vera litt i Gulen og verta betre kjend med både folk, kultur, natur og kommunen!

T.B.

Tone Marit har òg sendt oss ein andakt som har stått i kyrkjelydsbladet i Masfjorden. Her kjem den:

500 år – det er lenge det!

I sommar var ei god veninne av meg, Silje, og eg på ferietur saman. Me køyrde gjennom Danmark og nedover Tyskland. Sidan me begge er prestar, tenkte me at me måtte køyra innom Wittenberg, byen der Martin Luther sine 95 tesar vart spikra opp for 500 år sidan.

Me har høyrte mykje om Wittenberg på studiet, og eg må innrømme at eg såg for meg ein skikkeleg stor, staseleg by i urbane Tyskland. Det var skivebom. Wittenberg dukka opp etter lang køyring mellom skog og gardar. Byen var liten, det var ikkje veldig mykje aktivitet, og litt stille. Men byen var skikkeleg koseleg, då, og hadde fine kafear, så det var eit pluss. Dog, litt turistifisert, men det må me vel rekna med, i alle fall når den markerer eit 500-årsjubileum. For 500 år er lenge.

Då Silje og eg surra rundt i Wittenberg, prata me litt om dette, kva denne reformasjonen eigentleg har hatt å seia for kyrkja, for folk og for relasjonen mellom folk og Gud. For det var jo det Luther ville; føra menneske og Gud nærare kvarandre. Han meinte kyrkja dreiv på feil måte, då dei tvang folk til å betala avlat, altså kjøpa sine kjære fri frå skjærselden eller kjøpa seg fri frå synder. Martin Luther meinte at det ikkje var

slik Gud hadde tenkt at menneske og Gud skulle fungera saman. Samstundes meinte Luther at det var viktig at folk sjølve kunne lesa Bibelen på sitt eige språk, slik at Guds ord var tilgjengeleg for alle folk, ikkje berre for dei med høg språkleg utdanning.

Luther gjorde sjølv omsetjingsarbeid, og omsette mellom anna Det nye testamentet frå latin til tysk.

Reformasjonen bar med seg mykje imponerende. Og mykje me kan vera takksame for.

Den førte òg til kyrkjesplitting, det må me ikkje gløyma, men mest av alt gjorde den relasjonen mellom Gud og menneske lettare tilgjengeleg – for alle.

På reformasjonsdagen var det Romarbrevet 1, 16–17 som var preiketeksten. Der står det:

«For eg skammar meg ikkje over evangeliet. Det er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur, jøde først og så grekar.

For i det blir Guds rettferd openberra, av tru frå først til sist, som det står skrive: *Den rettferdige skal leva ved tru.*»

Dette vart nøkkelen for vår lutherske kyrkje: Trua på Gud trumfar alt.

Me menneske kan ikkje kjøpa eller gjera oss fortenne til Guds kjærleik eller frelse, den er gjeven oss i gåve. Ei gåve frå ein nåderik og kjærleg Gud. Det einaste me kan gjera, er å ta eit val; å seia ja eller nei.

Tone Marit Dyrkolbotn



Stor gåve til Mjømna kyrkje!

Vi skal male Mjømna kyrkje til våren. Det trengst, både fordi malinga flaknar av somme stader, og fordi tårnet ikkje vart malt sist det var gjort noko, og det er gulare i fargen enn resten av kyrkja. Dette gler vi oss til! Det er Mjømnen og Berge AS som har fått anbodet på arbeidet. Noko anna vi gler oss stort over, er at vi har fått ei anonym gåve til dette arbeidet på heile 80.000,00 kroner!

TUSEN TAKK!

Bladpengar til Gulen kyrkjelydsblad

Gulen kyrkjelege fellesråd har bestemt at det skal leggst giro i bladet ein gong per år. Du bestemmer sjølv om – og kor mykje/ofte du vil gje. Å trykke eit opplag på 1600 + portoutgifter til dei som må få det per post, kostar ca. kr. 12.000,00 per blad. Vi fakturerer ikkje for bladet. Du kan gje ei gåve til bladet ved å nytte denne giroen, eller du kan sende gáva til kontonr. 3817.15.51282, merka «Kyrkjelydsbladet». Tusen takk for alle gåver!

*Helsing oss som lagar bladet.
Gulen kyrkjelege fellesråd*



Miriam si forteljing

Brekke kyrkje: 9. 12. kl. 18.00

Sogn og Fjordane teater har også i år sett opp denne vakre og spesielle framsyninga.

Å levandegjere ei historie som kanskje ikkje er levande for oss lenger.

Dette var eitt av forfattar Håvard Rem sine ønskje då han bestemte seg for å gjenfortelje sjølvaste juleevangeliet med ei heilt ny stemme som utgangspunkt. I Rem sin tekst er det Miriam, syster til Josef, ei kvinne av folket, som fører ordet. Gjennom henne kjem ein ikkje berre tett innpå menneska og omstenda rundt Jesu fødsel, men òg dei urolege og spente tidene desse menneska levde under. For også på den tida var det store spenningar mellom Europa og Midtausten. Miriam si forteljing er eit forsøk på ei meir jordnær tilnærming til denne

fascinerande historia som på ein måte pregar heile vår kultur. Kanskje er det viktigare enn nokon gong å lytte til ei stemme frå historia, noko juleevangeliet nettopp er.

Forfattar: Håvard Rem

Omsetjing: Asbjørg Lotsberg

Regi: Marit Østby

Lysdesign: Krystian Myska

Medverkande: Idun Losnegård

Billetter: softeater.no/billetter

«Barnet i gudstenesta»

Dette er temaet på kyrkje- og misjonsdagen på **Alværa Misjonscenter** laurdag 13. januar kl. 10-16.



Soknepresten i Jølster, Silje Sørebo, vil ha hovudinnleiinga. Ho har erfaring frå arbeidet som prest i Holmlia i Oslo og dei par siste åra frå Sunnfjord prosti. Silje har også studert forteljekunst, noko ho nyttar i arbeidet

i kyrkja. «Barnet i gudstenesta» er eit tema som opptek henne, og ho vil dele av sine tankar og idear. Nokre foreldre med born vil komme med innspel om ynskje og behov dei har for at gudstenesta også skal vere tilpassa barnefamiliane. Det blir samtale og utveksling av erfaringar. Tradisjonen tru vil vi denne dagen også syngje mykje, ete god mat og få tid til å bli kjent med nye menneske. Temadagen vert avslutta med gudsteneste kl. 14.30, leia av misjonskonsulent Ingvald A. Frøyen. Deretter blir det kaffi og årsmøte for NMS i Ytre Sogn område. Set av dagen allereie no, så du ikkje går glipp av ein inspirerende dag i møte med andre frå både Sunnfjord og Ytre Sogn. Meir informasjon kjem til å bli lagt ut på Alværa Misjonscenter si heimeside <http://alvera.no/>, men ein kan melde seg på til Alværa allereie no, telefon 48990661.

Områdeutvalet i NMS



Kyrkjelydskveldar på Byrknes: Samtalar om tru og tvil

Samtalekveldane på Byrknes bedehus held fram også etter nyttår. Me tek til med eit kveldsmåltid. Etterpå har sokneprest Jens Linde ei innleiing til samtale om kveldens tema. Ein kan

stille spørsmål og kome med motførestillingar, og ein treng ikkje tru på noko som helst for å delta. Ramma for kveldane er to timar. Ein treng ikkje ha vore på alle kveldane, ein kan delta på det som passar.

Då siste samlinga i haust vart avlyst på grunn av sjukdom, vert det fire samlingar i det nye året. Programmet ser slik ut:

18. januar kl. 19.00: Meir enn ei vanleg bok? – Er ikkje Bibelen gammaldags og avleggs?

15. februar kl. 19.00: Er det nokon som bryr seg? – Om fellesskapet!

8. mars kl. 19.00: Ærleg talt, Gud! – Eg forstår ikkje alt som skjer i verda!

22. mars kl. 19.00: Heilt konge! – Kva skal fylle og styre livet?



Mariahelg 2.-4. mars 2018

For kvinner i alle aldrar

Fredag 2. mars til søndag 4. mars er det Mariahelg på Alværa Misjonscenter – ei helg der vi får senke skuldrane og løfte blikket. Vi samlast til åndeleg og sosialt fellesskap, påfyll til kvardagane og gode måltid, alt i trivelege omgjevnader. Elles er det høve til å ha med handarbeid, gå turar, ein vel sjølve kva ein vil vere med på.

Hovudtalar er Inger Johanne Kjøde Enger frå Bygstad. Ho er ein dyktig kulturformidlar gjennom song og musikk, og er aktiv i den ortodokse kyrkja. Meir informasjon og påmelding: 489 90 661, e-post: alvera@nms.no, eller facebook.com/Mariahelg.paa.Alvaera.
Velkomen til Mariahelg!

Glimt frå misjonsarbeidet i Mali

Kjære misjonsvenner!

Under finn du eit misjonsglimt frå misjonsarbeidet i Mali, frå den evangeliserande delen av arbeidet. NMS har saman med Frikyrkja oppretta ein lokal misjonsorganisasjon som heiter MELM (Mission Evange-lique Lutherienne au Mali). MELM består av sju kyrkjer og misjonar. I tillegg til NMS og Frikyrkja er det Mekane Yesu-kyrkja frå Etiopia, den Evangelisk Lutherske Kyrkja i Kamerun, to kyrkjer frå Nigeria og éi frå Benin. Situasjonen i Mali er vanskeleg for tida, særleg med tanke på fred og sikkerheit. Arbeidet NMS er ein del av, held likevel fram, og me opplever at samtidig som ein del ting har vorte vanskelegare for misjonsarbeidet, så er det opne dører for andre delar av arbeidet. Takk for all forbøn og all støtte! Med venleg helsing,

*Frode Brügger Sætre
Misjonær for Det Norske
Misjonsselskap i Mali*

«Du har egentleg alltid likt dei kristne!»

«Du har egentleg alltid likt dei kristne», seier ein eldre ærverdig fulanimann til sonen sin, som nyleg vart døypt saman med kona og eit barn. «*Det hugsar eg frå du var ung*». Sonen er einig. «*Den første gongen eg møtte ein kristen, var då eg gjette kyr heilt sør i Mali. Det var ein pastor. Han var veldig gjestfri, og tok godt imot meg. Han gav meg til og med ei bønematte og vatn så eg kunne vaska meg og be mine muslimske bøner!*» «Men», la han til, «*eg brukte å tenkja at kristen tru ikkje er noko for oss fulaniar. Det var først då eg møtte dykk i MELM at eg møtte kristne som snakka mitt eige språk, og eg fekk også møta fulaniar som trur på Jesus.*»



Denne mannen er éin av seks fulaniar knytte til MELM, som har vorte døypt i 2017. Mannen er ein viktig bidragsytar til økonomien til storfamilien. Han har difor kunna velje å følgja Jesus utan å vera for redd for konsekvensane. No får han ein del spørsmål frå vener og kjende:

«Er det verkeleg sant at du har vorte kristen? Veit du ikkje at dei kvite har endra evangeliet til Jesus slik at det som står der, ikkje lenger er sant?»

Dersom utfordringane vert for pågåande, svarar han: *«Eg er kristen i dag, eg er kristen i morgon, og eg kjem til å vera kristen til min død!»*

«For», seier han, «sa ikkje Jesus at dei som skammar seg over han, dei skammar han seg over også?»

Takk for at de er med og bed for denne mannen og familien hans, og dei tre andre personane knytte til MELM sitt arbeid, som har vorte døypte i år. Be både for dei og dei «gamle» kristne, om at Gud vil beskytta dei, leia dei til å mognast i trua, og at dei må få vera lys og salt i miljøet sitt.

Teleslynge i Brekke og Gulen kyrkjer

No er det installert teleslynge i Gulen og Brekke kyrkjer. Desse har vore utan forsterkar ei stund. Så no håpar vi at også folk med høyreapparat og sjanse til å ta inn teleslynga vil høyre betre! Eit tips er at signala kanskje er sterkare langs veggene enn inn mot midtgangen, sidan leidningen ligg langs veggene. Teleslynga i Mjømna kyrkje er også sjekka. Ho fungerer godt.

Flaumlys i Brekke og Gulen kyrkjer

Det er også sett i gang eit arbeid med å få nye fasadelys på Brekke og Gulen

kyrkjer. Gamle og dårlege lyskastarar blir erstatta med nye LED-lys. Sokneråda spleisar med fellesrådet, og i Brekke får vi også ei gåve frå Brekke bygdekvinnelag på kr. 10.000,00 til utskiftinga. TUSEN TAKK!

Kyrkjegarden på Mjømna

er ferdig! Takk til Brekke Maskinstasjon og Akasia for godt utført arbeid

Nytt gjerde rundt gravplassen i Eivindvik

Snart er nytt gjerde på plass. Det er same typen gjerde som har vore før. Vi har drøymt om ein steingard, i alle fall i fronten, men det vart altfor dyrt. Gjerdet blir sett opp av folk frå teknisk etat, og nokre ungdommar hadde også Operasjon Dagsverk-jobb på det.





Invitasjon til dåp og trusopplæring

Som eit resultat av at kyrkja og staten ikkje høyrer tett saman lenger, får ikkje kyrkja «fødselsmeldingar» frå folkeregisteret. Tidlegare har vi fått det, og så har vi sendt ut informasjon om og invitasjon til dåp til alle. Frå no av vil denne informasjonen berre gå til familiar der begge eller den eine av foreldra er medlemmer/tilhørigar i kyrkja. Dette er på mange måtar mest ryddig. Men det gjer at nokon ikkje vil få invitasjon. Og vil ein likevel døype barnet, så må ein ta kontakt med kyrkjekontoret sjølve. Det same gjeld for trusopplæringa som kyrkja gjev. Invitasjonar til t.d. Tårnagentar og Lys Vaken blir sendt i brev til dei borna som står i medlemsregisteret vårt. Sokneråda vil prøve å halde oversikt over om det er andre som skal ha. Men det systemet kan fort glippe. Så viss barnet ditt ikkje har fått invitasjon, så er det på grunn av dette, og ikkje at vi ønskjer å halde nokon utanfor. Viss du vil at vi skal sende invitasjonar, sjølv om de ikkje er medlemmer i kyrkja, så ta kontakt med kyrkjekontoret:
post@gulen.kyrkja.no

Ny lov om trus- og livssynssamfunn

Regjeringa har på høyring eit framlegg til ny lov for trus- og livssynssamfunn. Dette er ei oppfølging av at kyrkja og staten har skilt lag, samtidig som intensjonen er å seie noko om korleis staten skal forhalde seg til andre trussamfunn, og kva krav som kan settast til eit trussamfunn.

M.a. meiner regjeringa at eit trussamfunn må ha 500 medlemmer for å kunne få statleg støtte, og at trussamfunn skal kunne nektast statsstøtte dersom dei tek imot bidrag frå statar som ikkje respekterer trusfridom. Lovforslaget seier at kyrkja har to rettssubjekt: Kyrkjemøtet og soknet. Men lova legg all makt, også til å definere soknet sine oppgåver, til Kyrkjemøtet. Frå mange blir det sett på som ei sentralisering av makt og midlar i kyrkja.

Det er foreslått to finansieringsmodellar av kyrkja:

1 Dagens ordning med delt ansvar mellom stat og kommune

2 All offentleg støtte skal gjevast frå staten til Kyrkjemøtet

I begge modellane vert det opna for at Kyrkjemøtet får høve til å innføre medlemsavgift.

Frå Gulen kyrkjelege fellesråd vil vi hevde at ei lokal/kommunal finansiering er ein garanti for ei lokal kyrkje, og kan seiast å vere eit særleg uttrykk for folkekyrkjetenking. Ei folkekyrkje har eit oppdrag ut over det å vere trus-

samfunn i «smal» forstand.

Folkekyrkja er ein samfunnsbygger i lokalsamfunnet.

Eit godt døme kan vere i beredskapsarbeidet, der kyrkja kan tilby ein kompetanse ut over det kommunen har sjølv.

Tilknytning til, og stolt kjensle av, kyrkjebygg (og gravplassar) går langt ut over medlemskapen i Den norske kyrkja. Og kyrkjebygga har ein funksjon som omfattar langt meir enn å vere gudstenestestad og arena for trussamfunn. Kyrkja er ein samlingsstad for folk i særlege situasjonar, når ulukke råkar og sorga er stor, eller når livets store hendingar vert feira.

Det er ei spanande høyring. Sokneråd og fellesråd vil gje høyringssvar.

Men det er faktisk opna for at enkelt-personar også kan gjere det, ved å gå inn på nettsida til Kulturdepartementet www.regjeringen.no

Kyrkjeverja



Glimt frå arkivet

Kyrkjelydsbladet har 60-årsjubileum i år. I den samanheng tek vi med eit velskrive intervju som stod i det aller første bladet som kom ut, i april 1958. Her har Audun Rutledal intervjuja Hans Rutledal, som då var 93 år.

Litt frå eldre tid

- Korleis var det her i Gulen i din ungdom? spør eg Hans Rutledal, som no er 93 år gamal og truleg eldste mannen i heradet.

- Oppfatninga av det åndelege har ikkje vore lik i heile Gulen, det er liksom eit skilje mellom ytre og indre. Mange kyrkjelege saker var det nok strid om, og det er ikkje berre godt eg minnest. Likevel, eg trur me hadde lettare for å verta samde då, og det vart me som oftast, seier han.

Her kan eg leggja til at gamle Hans var ordførar i 21 år, og har ofra mykje tid og arbeid for heradet på mange omkverve.

- Det er meg til stor glede på mine gamle dagar at eg såleis har fått vore til hjelp for andre, seier Hans.

- Reiste de ofte til kyrkje? spør eg.

- Det var i alle høve oftare enn no, sjølv om vanskane med å koma seg fram var tilsvarande større.

Straks vêret ein sundag på føresumaren såg ut til å verta nokolunde bra, var det å gjera storebåten til «Klaus-blodtakar» i stand.

Denne sundagen var det særleg ungefolket som skulle reisa, til alters. Seinare var det å ro fleire gonger.

Klokka halv sju var det seinaste me måtte koma oss av garde. Var det vind, segla vi eine vegen, men så var

det dess tyngre å ro andre. Førefolket reiste gjerne éin sundag, tenarane og borna den neste. Det var ikkje nett på grunn av standsskilnad, men alle kunne ikkje godt vera borte frå huset samstundes.

Det var hyggeleg på desse turane, både for unge og gamle. Då var det våpenkvild i grannestrind og anna usemje, og me var så gode vener. Jau, med åtte-ni timar same dagen i ein robåt var det råd å koma i kontakt med kvarandre.

Altargangen var høgdepunktet, og ein stor grunn for at mange reiste. Det gjer meg særst vondt at nattverden vert så ringeakta i vår tid, seier Hans, og meiner at den godkjende læra no er for streng. Rett nok kunne det verta litt for mykje av det gode den gongen, og alle var nok ikkje verdige nok. Det var helst av vane og fordi det skulde vera slik.

Men Hans viser til fleire stader i Bibelen og slår fast: - Det var ein god skikk.

Ja, slik var det her i Rutledal, og vel sameleis alle stader i Gulen. Glavær var elles hovudsenter for styringa i heradet ei tid. Der var heradstyre, skulestyre og det ikkje minst viktige: fattigstyret. Der var sentrum, og alle skulle ha lik veg, altså sjøveg. Tidene skifter. Vegar vert det litt etter kvart, også i utkantane, og leve-

standarden aukar. Robåt er snart berre noko som større båtar bruker som livbåt. Men tryggaste livbåten er vel trua.

Audun Rutledal

Ja, mykje har skjedd i kommunen sidan Hans Rutledal levde, både når det gjeld kommunikasjonar og plassering av heradssenter. No er også kyrkja si lære slik at ingen er uverdige til å få nattverd.

Berly Vesetvik 100 år

På biletet nedanfor les Berly Vesetvik telegrammet frå Kongen.



Hjarteleg takk for all oppmerksomheit i anledning 100-årsdagen min.

Takk til alle, bebuarar, betjening, familie, slekt og venner som var med på feiringa både den 2. og den 4. no-

vember på Byrknes bu- og omsorgssenter. Tusen takk for alle gaver og blomsterhelsingar og andre helsingar. Takk til ordførar Hallvard Oppedal for overlevering av blomster frå Gulen kommune og telegram frå Kongen.

Det var minnerike dagar for oss alle.

Helsing Berly og familien

Hjarteleg takk

Me vil takke alle som følgde vår kjære mor, besta og oldemor, Helga Høydal, til grava 19. september. Takk for alle fine blommar, og for pengegåver til Brekke bu- og omsorgssenter. Ei stor takk for god omsorg og pleie ho hadde der.

Helsing Toralf, Nansy, Lasse, Wenche, Inger og Svein med familiar

Takk

Takk for deltaking og blomsterhelsingar i samband med gravferda til Brigte Nerdal. Takk for pengegåva til langtidsavdelinga ved Gulen sjukeheim. Den var på kr 11.620,-. Takk òg til tilsette ved Gulen sjukeheim for god pleie og omsorg i tida han budde der.

Solveig med familie

Hjarteleg takk

Hjarteleg takk til alle som var med i gravferda til Jon Solheim. Takk for omtanke og blomsterhelsingar.

Takk til Jens Linde for vakker song og gode ord.

Ingeborg, Steinar og Randi m. familiar



Nytt frå kyrkjelydane

Døypte:

BREKKE SOKN:

10.09.17: Sofie Hjartholm.
For. Klaus H. og Anita Hjartholm.

10.09.17: Sander Zell-Ynnesdal.
For. Hanne Zell og Even Andre Ynnesdal.

01.10.17: Eva Lina Doroftei Oppedal.
For. Lidia Doroftei og Ole Thomas Oppedal.

22.10.17: Natalie Hjartholm.
For. Rune og Randi Hansen Hjartholm

12.11.17: Linnea Sandvik Os. For. Ingrid Sandvik Krakhella og Olav Sandøy Os. Busette i Bergen.

MJØMNA SOKN:

17.09.17: Sofie Håheim-Baarøy.
For. Roy Åge Baarøy og Marita Stenseth Håheim.

08.10.17: Tuva Igland Jacobsen.
For. Christian Jacobsen og Guro Igland Eilertsen.

GULEN SOKN:

24.09.17: Emilie Mjånes.
For. Svern Roger og Laila Mjånes.
Busette i Bergen.

05.11.17: Ingrid Nese.
For: Brita Eidnes og Ove Nese.

Vigde:

MJØMNA SOKN:

09.09.17: Malin Berge og Even
Totland Larsen.

Døde:

GULEN SOKN:

30.08.17: Mary Oddveig Litlekalsøy,
f. 1943.

03.10.17: Olav Solheim, f. 1940.

BREKKE SOKN:

11.09.17: Helga Høydal, f. 1923.

22.09.17: Jon Solheim, f. 1930.

MJØMNA SOKN:

14.09.17: Finn Johansen, f. 1951.

14.11.17: Sidsel Ingrid Laupsa
Larsen, f. 1949.



KYRKJEKALENDEREN

NB! Det kan bli endringer i gudstenestelista.
Sjå i lokalavisene, på oppslag, på nett-sidene
til kyrkja og kommunen, og på Facebook.

26.11., Domssøndag/Kristi kongedag
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Familiegudsteneste med «Lys vaken».
Nattverd. Takkoffer: IKO.

03.12.: Ikkje gudsteneste i kommunen.

Laurdag 09.12.:

Gulen kyrkje kl. 16.00. Advents-
konsert. Andakt v/Jens Linde.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

10.12., 2. søndag i advent

Risnehall, Brekke, kl. 13.00:

Adventsverkstad.

Kl.15.30: Familiegudsteneste v/Jens
Linde. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

Laurdag 16.12.:

Brekke kyrkje kl. 16.00: Advents-
konsert. Andakt v/Jens Linde.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

17.12., 3. søndag i advent

Mjømna kyrkje kl. 16.30: Advents-
konsert. Andakt v/Jens Linde.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

24.12., 4. søndag i advent/Julaftan

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Takkoffer: Kirkens Nødhjelp.

24.12., 4. søndag i advent/Julaftan

Brekke kyrkje kl. 14.00 v/Jens Linde.
Takkoffer: Kirkens Nødhjelp.

24.12., 4. søndag i advent/Julaftan

Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Jens Linde.
Takkoffer: Kirkens Nødhjelp.

25.12., 1. juledag

Gulen kyrkje kl.12.00: Høgtids-
gudsteneste v/Jens Linde. Nattverd.
Takkoffer: Stefanusalliansen.

26.12., 2. juledag

Byrknes bedehuskapell kl. 11.00:
Høgtidsgudsteneste v/Jens Linde.
Nattverd. Takkoffer: Stefanusalliansen.

31.12., Nyttårsaftan

Brekke kyrkje kl. 23.00: Midnatts-
gudsteneste v/Jens Linde. Takkoffer:
Redd Barna.

01.01.18: Ikkje gudsteneste

07.01.: Ikkje gudsteneste

Laurdag 13. januar:

Alværa Misjonscenter kl. 10.00-

16.00: Kyrkje- og misjonsdag

14.01., 2. søndag i openberringstida

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Tone Marit

Dyrkolbotn. Tårnagenthelg.

Takkoffer: IKO

21.01., 3. søndag i openberringstida

Brekke bedehus kl. 15.00 v/Jens

Linde. Gudsteneste og konfirmantfest.

28.01., Såmannssøndag

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Tone

Marit Dyrkolbotn. Lys vaken.

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

04.02., Kristi forklaringsdag

Dalsøyra samfunnshus kl. 11.00

v/Jens Linde. Takkoffer: Kyrkjelyds-
arbeidet

11.02., Fastelavnssøndag

Brekke kyrkje kl. 11.00. v/Jens

Linde. Tårnagenthelg. Takkoffer.

18.02., 1. søndag i fastetida

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens

Linde. Takkoffer: Sygna Vgs.

25.02., 2. søndag i fastetida

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Tone Marit

Dyrkolbotn. Takkoffer: Sygna Vgs.

04.03., 3. søndag i fastetida

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens

Linde. Takkoffer.

11.03., 4. søndag i fastetida

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens

Linde. Takkoffer: Misjonærprosjektet

18.03.: Ikkje gudsteneste

25.03., Palmesøndag

Byrknes bedehus kl. 15.30 v/Jens

Linde. Takkoffer: Søndagsskulen.

29.03., Skjærtorsdag

Brekke kyrkje kl. 19.30 v/Jens

Linde.

30.03., Langfredag

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.

Ikkje takkoffer.

01.04., 1. påskedag

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.

Takkoffer.

01.04., 1. påskedag

Brekke kyrkje kl. 16.00 v/Jens

Linde. Takkoffer: Kirkens SOS

02.04., 2. Påskedag

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens

Linde. Takkoffer: Sjømannskyrkja.

08.04., 2. søndag i påsketida

Gulen kyrkje kl. 12.00 v/Jens Linde.

Samtalegudsteneste. Takkoffer:

Alværa Misjonscenter.



Konfirmantweekend

Alværa 06.-08. april. Blir avslutta med felles samtalegudsteneste for heile Gulen i Eivindvik.

Konfirmasjonsdatoar:

Konfirmasjonsdatoane i vår blir slik:

Brekke kyrkje: 29.04.18.

Gulen kyrkje: 06.05.18.

Mjømna kyrkje: 13.05.18.